

Nei til utbygging av vindkraft i Kvinnherad/høyring til Nasjonal ramme For vindkraft

Som ung utflytta Kvinnhering vil eg at mine venner, familie og framtidige etterkommarar skal ha moglegheita for å få oppleve det eg fekk oppleve i min oppvekst, nemleg Noregs finaste uberørte natur.

Det flottaste med Kvinnherad er naturen. Det er den kraftige og herskapelege naturen som er årsaka til at eg, mannen min og kanskje framtidige barn ynskjer å flytte tilbake til kommunen. Kvinnherad har ein allsidig natur som fengjer alle. Høge majestetiske fjelltoppar, kortare fjellturar, toppturar på ski, lange fjordar, iskalde fjellvatn, yrande båtliv og Noregs tredje største isbre, Folgefonna, for å nemne noko. Det er ingenting som er så vakkert som naturen i Kvinnherad, og no vil de ta det i frå oss? For det er det de gjer, de **stjel** natur som de ikkje har noko med å røre!

Fjellområda i Kvinnherad er viktige! Ikkje berre for folkehelsa til dei lokale, men og for reiseliv og turisme i Kvinnherad. Kvinnherad har fleire små reiselivsbedrifter som går godt på grunn av den *unike* naturen vi har å tilby. Ein kan jo sjølv tenkje seg kva som vil hende med desse om utbygginga får starte.

Kvinnherad er natur. Når eg fortel folk kvar eg kjem i frå så får eg alltid til svar: «Åå, der er det så flott, for ein natur!». Ja, vi har flott natur i Kvinnherad, det er det vi er kjent for. Så kvifor skal ein øydeleggje store deler av landskapet og gjere skjemmande inngrep for å leggje til rette for vindkraftutbygging? Det er det ingen som kan forstå.

Eg bur no yttst i Trondheimsfjorden, nærmare bestemt Ørland kommune. Her er det flatt og her er det nesten ikkje nokon form for vegetasjon, eller i alle fall ikkje i nærleiken av det vi har i Kvinnherad. Her i Trøndelag etablerer Fosen Vind Europas største landbaserte vindkraftprosjekt, med i alt seks store vindparkar i Trøndelag. Her på Fosen har vi no Storheia-, Kvenndalsfjellet-, Harbaksfjellet- og Roan vindpark. Dei to andre er på Geitfjellet ved Snillfjorden og Hitra2 vindpark på Hitra. Vindparkutbygginga på Frøya er eit kapittel for seg sjølv..

Før utbygging så skjønna eg ikkje kvifor det var så stor ståhei rundt det, altså kva kunne vel nokre vindmøller gjere med naturen? Vel, ALT. Eg var sjokka då eg køyrde mot vindparkane her i Trøndelag, og kunne sjå dei enorme såra som var laga i naturen vår. Dette er sår som aldri vil forsvinne, dette er

STORE møller som ruvar 90 m over fjelltoppane. Det er krise, vi kan ikkje la dette skje med vår majestetiske natur i Kvinnherad. VI VIL IKKJE LA DET SKJE!

Vær venlege, ikkje rør naturen vår.

Som ei vis ung kvinne sa til ein gjeng med verdsleiarar for ei kort tid sidan:

«Korleis vågar dykk?!»

På bakgrunn av dette krev eg at Kvinnherad vert tatt ut av Nasjonal Ramme for Vindkraft.

Med helsing

Stad / dato

Ida Røssland, utflytta Kvinnhering

Ørland, 30.09.19

